

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-
231
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 07.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/23	Alver formannskap	16.03.2023
	Alver kommunestyre	

Endring i gebyrforskrift for 2023 for punkt om grensejustering og klargjering av grenser

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til endra gebyr for grensejustering og klargjering av grense i Forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for Alver kommune for 2023 på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Alver kommunestyre vedtar endra gebyr for grensejustering og klargjering av grense i Forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for Alver kommune for 2023.

Alver formannskap 16.03.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

FO- 023/23 Vedtak:

Alver formannskap gjev si innstilling og legg ut forslag til endra gebyr for grensejustering og klargjering av grense i Forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for Alver kommune for 2023 på høyring, jf. forvaltningslova § 37.

Alver kommunestyre vedtar endra gebyr for grensejustering og klargjering av grense i Forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for Alver kommune for 2023.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i og leggjast ut på høyring av formannskapet. Endringane vert lagt på høyring i perioden mellom handsaminga av formannskapet og kommunestyret.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Saka gjeld framlegg til endring av 6 punkt i gebyr og betalingssatsar for 2023 som gjeld gebyr for grensejustering og klargjering av grenser etter matrikkellova. Gebyra er omfatta av forskrift om gebyr for plan, byggesak, oppmåling, seksjonering, landbruk og saker etter forureiningsforskrifta for Alver kommune.

Saksopplysninger

Alver kommunestyre vedtok gjeldande gebyr og betalingssatsar for 2023 i møte den 15.12.2022.

Oversikt over gjeldande gebyr og betalingssatsar finn de her: [Gebyr- og betalingssatsar 2023 \(framsikt.net\)](#)

Gebyra som vert foreslått endra er gebyr gjeve med heimel i matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta § 16, og er følgjande punkt med satstar slik dei vart vedtatt for 2023:

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Merknad
2-01 Grensejustering av eksisterande koordinatfesta grense	per eining	7 688	16 452	8 764	114%	Gjeld grunneigedom, anleggseigedom, festegrunn.
2-02 Grensejustering av ikkje koordinatfesta grense	per eining	14 350	30 709	16 359	114%	Gjeld grunneigedom, anleggseigedom, festegrunn.
2-07 Klarlegging av eksisterande grense - tidlegare koordinatbestemt	per gang	7 688	16 452	8 764	114%	Inn til 6 punkt.
2-08 Tillegg frå og med punkt 7 - tidlegare koordinatbestemt	per punkt	1 230	2 632	1 402	114%	
2-09 Klarlegging av eksisterande grense - ikkje tidlegare koordinatbestemt	per eining	14 145	30 270	16 125	114%	Inn til 6 punkt.
2-10 Tillegg frå og med punkt 7 - ikkje tidlegare koordinatbestemt	per punkt	2 563	5 485	2 922	114%	

Grensejustering er ei mindre endring av grensa mellom to eigedommar, og kan som hovudregel ikkje føre til at ein eigedom kan få auka eller redusere arealet med inntil 5 %, men maksimalt inntil 500 m².

Klarlegging av eksisterande grenser mellom eigedommar kan skje både der grensene tidlegare er målt opp og der dei ikkje er det. Tenesta går ut på at kunden får målt opp, vist og merka eigdomsgrensa si.

Vurdering:

Gebyra etter matrikkellova vart vedtatt i samsvar med forskrift om sjølvkost og skal dekke dei gjennomsnittlege kostnadane som kommunen har med å levere tenesta.

Etter at gebyret for 2023 vart vedtatt av kommunestyret 15.desember 2022 ser vi at ei auke i gebyr på 114 % for dei 6 punkta som vert foreslått endra er ei for stor auke i forhold til sakstypen, tid og ressursbruk.

På bakgrunn av dette vert det lagt fram eit forslag om at gebrysatsen for desse to tenestene vert redusert slik det går fram under. Det vert tatt utgangspunkt i gebrysatsen for 2022 med ei prosentvis auke på 6,5 % som er den alminneleg prisveksten som er lagt til grunn for gebyr og avgifter for 2023.

Forslag til endra gebrysats:

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Merknad
22-01-Grensejustering-av-eksisterande-koordinatfesta-grense	per-einingt	7°688t	8188t	500t	6,5-%	Gjeld-grunneigedom,-anleggseigedom,-festegrunn.
22-02-Grensejustering-av-ikkje-koordinatfesta-grense	per-einingt	14°350t	15.283t	933t	6,5-%	Gjeld-grunneigedom,-anleggseigedom,-festegrunn.
22-07-Klarlegging-av-eksisterande-grense--tidlegare-koordinatbestemt	per-gangt	7°688t	8188t	500t	6,5-%	Inn-til-6-punkt.-
22-08-Tillegg-frå-og-med-punkt-7--tidlegare-koordinatbestemt	per-punktt	1°230t	1310t	80t	6,5-%	
22-09-Klarlegging-av-eksisterande-grense--ikkje-tidlegare-koordinatbestemt	per-einingt	14°145t	15.064t	919t	6,5-%	Inn-til-6-punkt.
22-10-Tillegg-frå-og-med-punkt-7--ikkje-tidlegare-koordinatbestemt	per-punktt	2°563t	2730t	167t	6,5-%	

Det er ikkje forventa at reduksjonen i seg sjølv vil medføre ein negativ økonomisk konsekvens for oppmålingstenesta, og at framlagte forslag til endring betre samsvarar med sjølvkost for desse tenestene. På

generelt grunnlag så har og kommunen høve til å ta gebyr for medgått tid ved saker som krev meir tid og ressursar dersom kommunen sitt arbeid med ei sak har eit vesentleg avvik frå den gjennomsnittlege sakshandsamningstida.

Gebrysatsane i Framsikt blir oppdatert dersom forslaget til endring vert vedtatt.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at forslag til endring av gebyr for grensejustering og klargjering av grense vert vedtatt slik dei er lagt fram i saka.